

Referat av styremøte for Sunnmør Skyttarsamlag



Dato: 31.08.2022

Stad: Sykkylven skyttarhus

Møtestart: 18:25

Oppmøtte: Erlend Overaa, Ola Vangen, Roger Vangen, Thor Einar Aurdal og Tom Olav Moldskred

Ikkje oppmøtte: Ola Kåre Dybvik og Ronny Vedå

Sak 13/2022 - Formell innkalling ombodsmøte 2022

Møtedato: 6.desember

Møtestart: Klokken 18

Møtested: Sykkylven

Saksdokument: Seinast 22. november

Innkomne saker: Seinast 8. november

Styret legg opp til siste styremøte i forkant av ombodsmøtet måndag 14. november. Leiar sende ut formell innkalling, samt andre innkallingar før fristane går ut. Det blei diskutert endring av reglar for lagskyting på veteran. Skal dagens regel knipast ned til at seniorskyttar SKAL skyte i V55, eller skal ein også kunne opne for at V55 skyttarar (med rette alder) skal kunne skyte i ei høgare klasse? Takast opp meir nøye på neste møte.

Sak 14/2022 - Terminlistemøte/leiar møte med skyttarlaga

Møtedato 19.sept.

Agenda: Terminliste, elektronisk stang og felthurtig?, sentral medlemskontingent.

Leiar sende ut innkalling, og finn møtestad.

Sak 15/2022 - Ombodsmøtesak: Elektroniske stang- og felthurtiganlegg

Jobbe vidare med å hente inn litt prisar og generell informasjon som er nyttig å ha med i saksframlegginga. Finne kostnader og ulike støtteordningar. Tom Olav hente inn informasjon.

Sak 16/2022 - Status økonomi

Kasserar kom med rask konto-opplysing:

På konto per nå: 146 000 på ein, knappe 50 000 på den andre.

Har nokre ubetalte rekningar/utlegg.

Manglar støtte frå kretsen og fakturering ang samlagsstemne bane.

Har ikkje fått tatt tak i tidlegare føringar, kasserar planlegg ein ryddejobb saman med fagfolk.

Sak 17/2022 - Val 2022

Leiar sett i gang valnemnda.

Sak 18/2022 - Fortsettelse på aktivitetsplan 2022

- Ungdomssamling og treningssamling for senior/veteran m/instruktør

Leiar jobbe opp mot ungdomsutvalet for å få i gang ei ungdomssamling i starten på oktober.

Trine R. Stette har tatt initiativ til ei treningssamling for seniorar. Kan vere at dette blir gjennomført i løpet av hausten.

Sak 19/2022 - Eventuelt

LS innandørs, prøve på noko felles?

Leiar lufte stemninga på FB om det skal gjerast ein jobb med å hente inn rimeleg hotellovernatting frå fredag – søndag. Skal samlaget koordinere ei felles samling ala pizzakvelden som blir gjennomført på LS?

Møtet slutt: Klokken 20:30

Ola Vangen
referent